

Dag Haugseth

Fra: Mathilde Herdahl <mathilde@plot-arkitekter.no>
Sendt: mandag 27. april 2020 13:15
Til: Jorun Borlaug
Emne: VS: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Nedre Sjurgarden ved Dalevegen - GBnr 7/45 mfl i Sykkylven kommune

Fra: Ole-Jakob Sande <ojs@nve.no>
Sendt: mandag 27. april 2020 13:14
Til: Mathilde Herdahl <mathilde@plot-arkitekter.no>
Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal <fmmrpostmottak@fylkesmannen.no>; SYKKYLVEN KOMMUNE <postmottak@sykkylven.kommune.no>
Emne: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Nedre Sjurgarden ved Dalevegen - GBnr 7/45 mfl i Sykkylven kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 03.04.2020.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon og skred og overvatn

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Omsynet til flaum må også sjåast i samanheng med lokal handtering av overvatn. Auka grad av utbygging i nedbørfeltet gir meir tette flater. Dette bidreg til raskare avrenning og krappare flaumtoppar nedstraums. Dersom vassdraget ikkje har kapasitet til å ta imot den auka avrenninga, må det planleggast med tilstrekkelege tiltak i nedbørfeltet som dryga vatnet og kompenserer for auken. Det må gjerast tidleg i planprosessen slik at det blir sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka. Sjå elles informasjon om overvatn på www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova (vrl). Viss det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.

- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområde i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- www.miljokommune.no gir nyttige tips om handtering av overvatn i arealplanlegga.
- For vurdering av overvatn kan også følgjande publikasjonar frå Norsk Vann vere aktuelle. Norsk Vann sin rettleiar A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering*» og Norsk Vann sin rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*», <https://www.norskvann.no/index.php/kompetanse/va-bokhandelen>
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Ole-Jakob Sande

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: ojs@nve.no

Web: www.nve.no



NVE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Plot arkitekter AS
Storledbakken 5
6003 Ålesund

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	03.04.2020	45409/2020/REGULERINGSPLAN/1528	Synnøve Valle, 71 28 02 39	29.04.2020

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - bustader småhus - gbnr 7/45 - fråsegn til oppstart

Det er varsla oppstart av detaljregulering av gbnr. 7/45 og delar av 7/1 i Sykkylven sentrum. Området er i kommunedelplanen for sentrum – Ikornnes avsett til bustader. Målet med planarbeidet er å legge til rette for bustader/konsentrerte småhus.

MERKNADER TIL OPPSTARTSVARSELET

Samferdsel

Vi støtter Sykkylvens kommune sin vurdering i at det burde vore regulert eit større område. Det kan bli vanskeleg å finne heilskaplege løysningar gjennom frimerkeregulering. Da det er gjort forsøk med å få med fleire grunneigarar, har vi forståing for avgrensinga.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årstdøgnsstrafikken (ÅDT) er 1270. Denne strekninga av fylkesvegen har ei streng haldning i gjeldande rammeplan for behandling av avkøyringar. Dvs. at talet på avkøyringar til vegane må vere svært avgrensa. Det er ein eldre reguleringsplan (detaljplan gang- og sykkelveg Grebstaddalen, 1989) for fylkesvegen som regulerer gang- og sykkelveg. Forbi planområdet er det ikkje realisert, og da planen er av eldre dato der dagens situasjon er noko endra, ser vi ein fordel med å erstatte deler av denne planen forbi planområdet.

Vi meiner det hadde vore ei betre løysing dersom gnr. 7 bnr. 309 og 389, samt delar av fylkesvegen blei tatt inn i planområdet. Det vil da bli mogleg å sanere direkteavkøyrsel til gbnr. 7/389 ved å sikre tilkomst gjennom planområdet, samt regulere gang- og sykkelveg langs planområdet med rekkjefølgjekrav. Vi ber om at dette blir vurdert.

Vi forventar at gjeldande handbøker, deriblant N100, vert lagt til grunn for utforming og prosjektering av avkøyring, det interne vegnettet og parkeringsplassar.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne. Vurderinga er særleg knytt til kjennskap til funn frå nærområdet, men og topografiske faktorar ved landskapet som er typisk for funn av automatisk freda kulturminne. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uforutsette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett. Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er sett opp med timepris for eit tidlegare år. Dei nye satsane gjeld frå 27.5.2019.

Det vil i dette området også vere aktuelt å sjakke med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnader til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette. Gravemaskina bør helst vere 8-12 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerde og vegar er tiltakshavars ansvar viss ikkje anna er avtalt.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føreset at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Barn og unge og uteopphaldsareal

Planarbeidet må sikre uteareal for felles opphald og leik på ein slik måte at dette arealet får tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering. Kravet om tilstrekkeleg og eigna utomhus opphaldsareal er heimla i plan- og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK17) § 8-1 (uteareal) og 8-3 (uteopphaldsareal).

Kva som er meint med «tilstrekkeleg» og «eigna» areal, er nærare beskrive i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planleggingen.

I føresegnene til kommunedelplanen sentrum – Ikornnes er det sett konkrete krav til uteareal og leikeplassar. Her er det sett krav i samband med støy, plassering, utforming, soltilhøve, avstand til bustader osv.

Val av trafikklysing:

Ved planlegging av eit bustadområde er ei av dei store utfordringane å velje trafikklysingar som kan gi tilfredstillande trafikktryggleik. Vi rår i denne samanhengen til at ein i størst mogleg grad skil trafikkareal frå bustad og uteopphaldsareal, slik at barn og unge slepp å måtte krysse trafikkareal når dei er utomhus. Planlegginga bør ha som målsetting å skape barnevennlige og bilfrie soner.

Val av bustadtype

Vi ser ofte utfordringar med å utforme planforslag i samsvar med barn og unge sine interesser. Særskilt gjeld dette planlegging av bustader som inneheld horisontaldelte einingar, kor uteareala i praksis er privatiserte av og berre tilgjengelege for einingane på bakkeplan. Vi rår dei som ønskjer å planlegge slike bustadtypar, men finn organiseringa av desse vanskeleg, til å vurdere bustadtypar utan horisontaldeling.

Universell utforming

Prinsippet for universell utforming bør blir lagt til grunn for planarbeidet på eit tidlegast mogleg stadium i prosessane, slik at prinsippet blir ein naturleg og grunnleggande del av plangrep og byggkonsept. Det skal greiast ut korleis desse omsyna er ivaretekne, jamfør føresegnene til kommunedelplanen.

KONKLUSJON

- Vi meiner det hadde vore ei betre løysing dersom gnr. 7 bnr. 309 og 389, samt delar av fylkesvegen blei tatt inn i planområdet og ber om at dette vert vurdert.
- Vi stiller krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).
- Planarbeidet må sikre uteareal for felles opphald og leik, jamfør Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen og føresegner for kommunedelplanen sentrum – Ikornnes.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: Avdelingsingeniør Ingrid Renate Gjørvad, tlf. 71 28 00 44

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Torill Einara Nerbøvik, tlf. 71 28 03 30

Vedlegg: Kostnadsoverslag

Kopi:
Sykkylven kommune
Statens vegvesen
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



PLOT ARKITEKTER AS
Storledbakken 5
6003 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljreguleringsplan Nedre Sjurgarden ved Dalevegen 7/45 og deler av 7/1 Fråsegn til varsel om oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Det er varsla oppstart av planarbeid for detaljregulering for gnr7 bnr45 og delar av gnr7 bnr1 i Sykkylven kommune. Planområdet er om lag 5,3 dekar. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustader – konsentrerte småhus. I kommunedelplan for Sykkylven sentrum – Iknernes er arealet avsett til bustad. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Barn og unge

Planlegging av gode og trygge oppvekstmiljø for barn og unge er ei viktig kommunal oppgåve. Tilrettelegging i nærmiljøet bidrar gjerne til betre helse, trivsel og oppvekst. Det må settast av tilstrekkeleg med eigna areal til leik for barn og unge innanfor planarbeidet. Kva som er meint som eigna areal går fram av rettleiaren T-2/08 Om barn og planlegging. Vi viser også til *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen* punkt 5, og minner om at desse retningslinjene skal leggest til grunn for all planlegging etter plan- og bygningsloven.

Leikeplassen må forankrast i plankartet, og det må stillast konkrete og eintydige funksjons- og rekkefølgekrav til formålet leik i føresegnene. Fylkesmannen har utarbeidd *rettleiaren Leikeplassar – lokalisering og utforming – Fylkesmannen sine råd i plansaker*. Dokumentet gir ei kort oppsummering av rammer og føringar for å ivareta barn og unge sine interesser i kommunale plansaker etter plan- og bygningslova, og er å finne på våre heimesider. Her finn ein også døme på konkrete funksjons- og rekkefølgekrav.

Vi ser at det i referatet frå oppstartsmøtet er vist til punkt 2.1.7 i føresegnene til kommunedelplan for Sykkylven sentrum-Ikornes. Vi vil vere oppteken av at dette blir følgt opp i det vidare planarbeidet.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Fra: [Jorun Borlaug](#)
Til: [Advokat Kjetil Kvammen](#)
Emne: VS: Merknad til oppstart av detaljregulering av Nedre Sjurgarden
Dato: onsdag 6. mai 2020 09:12:03
Vedlegg: [Kart - Oversikt-02.pdf](#)
[Grensejustering.pdf](#)
[Kart teikning-01.pdf](#)
[Oversiktskart.pdf](#)

Hei,

Sender over merknad fra nabo Tandstad.
Øvrige merknader kommer i egen mail.

Med hilsen

[PLOT arkitekter as](#)

Jorun Helseth Borlaug

Sivilarkitekt MNAL

Tlf. dir. 91 55 68 54

Tlf. 70 12 11 11

Storledbakken 5

6003 Ålesund

www.plot-arkitekter.no

Fra: Carl-Johan Tandstad <carljohanta@gmail.com>

Sendt: torsdag 30. april 2020 07.53

Til: Jorun Borlaug <jorun@plot-arkitekter.no>

Emne: Merknad til oppstart av detaljregulering av Nedre Sjurgarden

Hei

Viser til telefonsamtale i går vedk. oppstart av detaljregulering av Nedre Sjurgarden ved Dalevegen i Sykkylven kommune. Eg vil med dette gjere merksam på at det i august 1996 vart gjennomført ei grensejustering mellom gbr 7/1 og 7/2 i samband med innkøyrslle til nytt hus på garden 7/2. Arealet det handler om er på vestsida av Sjurvegen, altså den vestre delen av byggeområdet nord for gbr. 7/45 som tilhøyrer gnr. 7 og bnr. 1. I vedlegget "Oversiktskart" ligg arealet i det nordvestre hjørnet av det stipla feltet.

Sjå vedlegg!

Mvh

Carl-Johan Tandstad

mob 98695860



Statens vegvesen

PLOT ARKITEKTER AS
Storledbakken 5
6003 ÅLESUND

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 91825092

Vår referanse:
20/70864-2

Deres referanse:

Vår dato:
06.05.2020

Uttale til varsel om oppstart av detaljregulering – Nedre Sjurgarden ved Dalevegen – Sykkulven kommune – PLAN ID 15282020001

Statens vegvesen viser til deres brev datert 03.04.2020.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for boligbebyggelse på deler av gnr. 7 bnr. 45 og på deler av bnr. 1.

Statens vegvesen har følgende innspill til arbeidet med reguleringsplanen

Så lenge utbyggingen skjer i samsvar med bestemmelser og retningslinjer i kommunedelplan for sentrum – Ikorntnes 2019–2029 har vi ingen merknader til at det startes planarbeid her.

Atkomstvegen fra fylkesveg 5916 er noe bratt inn mot gang- og sykkelvegen. Ved etablering av flere 2-mannsboliger samt eksisterende bebyggelse, bør avkjørselens hjørneavrunding utformes med en enkel sirkelkurveradius på R=9 og vertikal linjeføring som for kryss, jf. kapittel D.1.4.1 i N100. Da det videre forløpet også er bratt, vil dette trolig kreve en utvidelse av planområdet for å finne en tilfredsstillende løsning. Løsninger knyttet til avkjøring fra fylkesveg 5916 må skje i samråd med vegeier møre og Romsdal fylkeskommune, men også Sykkylven kommune da vi antar gang- og sykkelvegen er kommunens ansvar ut fra fylkeskommunens praksis med å skille på vegeierskapet for de gamle fylkesvegene.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi forventer at hensynet til mjuke trafikanter ivaretas i planarbeidet, og at føringene i kommunedelplanen om at denne vegen skal være en turstiforbindelse mellom fylkesveg 5916 og kommunal veg (Grebstadvegen) inngår i vurderingene.

Prinsippene om universell utforming må legges til grunn. Gangforbindelse til gang- og sykkelvegen langs fylkesveg 5916 bør da vurderes i sammenheng med eventuelle justeringer av avkjørselsløsningen.

Konklusjon

Statens vegvesen viser til våre innspill over og ber om at de tas med i det videre planarbeidet. Vurderinger av de sikkerhetsmessige forholdne, herunder dialog med de respektive vegeierne, og løsningene knyttet til universell utforming bør gå frem som et eget kapittel i planomtalen. Dersom normalkravene ikke kan tilfredsstilles, må eventuelle godkjente fravik legges ved planforslaget til offentlig ettersyn.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Vidar Neraas
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN